



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16393 - 21/60775

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
27.09.2021

Svar på ditt brev vedkommande miljøsak på gbnr. 355/10 Skjelanger

Vi viser til din e-post datert 27.08.2021 ang. tilhøva knytt til miljøsak på eigedom gbnr. 355/10, Paradisvegn 37 og 39.

Alver kommune er kjent med at det var dialog mellom Jostein Skjelanger og sakshandsamar Larissa Dahl i 2019 rundt avløpsløyvinga for hovudhuset, noko som medførte utskifting av ein gamal støypt slamavskiljar med ein ny 7 m³ slamavskiljar med avløp til sandfiltergrøft.

Det er ikkje registrert noko søknad eller gjeve noko skriftleg løyve knytt til denne dialogen som var i 2019.

Av Forureiningsforskrifta § 12-3 *Krav om tillatelse går det fram: «Ingen kan sette i verk nye utslipp eller øke utslipp vesentlig uten at tillatelse er gitt i medhold av § 12-5.»*

I denne saka er det sett ned ny 7 m³ slamavskiljar og det er etablert sandfiltergrøft, avløp frå annekset og hovudhus er ført fram til dette avløpsanlegget. Det er kommunes vurdering at dette krev søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova og søknad etter plan- og bygningslova.

Denne saka kan løysast ved at det vert søkt om utsleppsløyve etter forureiningslova og at det vert søkt om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg.

Alver kommune vil etter søknad kunne vurdere å godkjenne den løysinga som var etablert i 2019.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918

FREKHAUG

